
Vår referanse 2020/48522-29
Dato 11.06.2021

STIFTELSEN WILLIAM H SINGER JR`S OG ANNA
BRUGH SINGERS MINDE
Olden
6788 OLDEN

Svar- Singerheimen - Søknad om auka driftstilskot for 2021

Viser til dykkar e-post datert 23.05.21 med søknad om auka driftstilskot for 2021. Det vert vist til opphøveleg søknad på 300 000 kr og til tildeling på 180 000 kr.

Det vart søkt om driftstilskot for 2021 over ordninga for organisasjonar innan kunst-, kultur- og idrettsfeltet. Søknaden vart vurdert som del av budsjettprosessen, jf. FT sak 137/20. Søknaden vart ikkje tilrådd støtte.

Fylkesdirektøren vurderer situasjonen som krevjande for stiftinga, då Singerheimen er eit omfattande og komplekst anlegg med mange bygg og store utfordringar knytt til både vedlikehald og drift. Søknaden vart difor overført for vurdering over tilskotsordninga *Driftstilskot til nasjonale og regionale kulturminne*. I sak PS 22/2021 vart Singerheimen tildelt 180 000 kr.

Tildelingsbrev vart oversendt stiftinga i brev av 26.02.21. I brevet vart det opplyst om klageadgang, jf. Forvaltningslova § 28. Klagefrist er 3 veker frå tildelingsbrev er motteke. Fylkeskommunen har ikkje motteke klage på tildelinga. Fylkesdirektøren finn difor ikkje grunnlag for å vurdere søknaden på nytt.

Fylkesdirektøren oppmodar Stiftinga Singerheimen om å søke driftstilskot for 2022 over ordninga *Driftstilskot til nasjonale og regionale kulturminne*. Søknadsfrist er 1. november.

For meir informasjon, sjå <https://www.vestlandfylke.no/kultur/kulturarv/driftstilskot-til-regionale-og-nasjonale-kulturminne-i-vestland>

Med helsing

Per Morten Ekerhovd
Fylkesdirektør

David Aasen Sandved
seksjonssjef

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift